



# **Handlingsplan til Kommunedelplan for kulturarv Selje kommune**

**2020 – 2024**

## Handlingsdel

Kommunen sin innsats på ulike område må tilpassast tilgang på kapasitet og ressursar.

I handlingsdelen til kommunedelplan for kulturarv 2020-2024 er tiltaka difor prioriterte slik at det som hastar mest vert prioritert først. Tiltaka er plasserte under følgjande kategoriar: *tiltak 2020*, *tiltak 2021–2023* og *tiltak etter 2023 (ikkje prioritert)*. Årlege tiltak vert ført opp både under *tiltak 2020* og *tiltak 2020-2023*.

Tiltaka er sett inn i handlingsdelen etter same rekjkjefølgje som dei er nemnde i kapittel 5.

Teksten for tiltaka kan vere nedkorta i forhold til tiltaka omtalte under kapittel 5. Sjå kopling til mål og strategiar og meir utfyllande informasjon i kapittel 5.

Handlingsdelen skal rullerast og behandlast politisk kvart år, og prioritering av tiltaka vil alltid måtte ta omsyn til kapasitet og ressursar. Dette skjer i samband med den årlege revisjonen av kommunen sin handlingsdel inn i

mot arbeidet med rullering av økonomiplan og årsbudsjett.

Prioriteringane som er sett opp under kan difor bli endra.

Tiltak som ikkje er avhengige av direkte økonomiske ressursar gjennom økonomiplanen, må prioriterast av administrasjonen gjennom verksemdplanlegginga, t.d. i verksemdplanar.

| Tiltak 2020   | Tiltak 2021-2023  | Tiltak etter 2023 (ikkje prioritert) | Kommentar  | Ressursbehov<br>(utover ordinær drift) |
|---|---|--------------------------------------|--|--|
| <b>Mål 1. Selje kommune skal aktivt legge til rette slik at aktørar kan utvikle kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling</b>   |   |                                      |  |  |
| Arbeide for og legge til rette for regionalt kystpilegrimssenter i Selje  | Legge til rette for mogleg etablering av regionalt kystpilegrimssenter i Selje  |                                      | Del av ein administrativ ressurs (må vere ei stilling til å ivareta kulturarven i ordinær drift)   |  |
| Støtte lokale initiativ som ønskjer å etablere nye turløyper eller merke eksisterande turløyper i tilknyting til kulturminne, kulturmiljø og/eller kulturlandskap – natur-/kulturløyper | Støtte lokale initiativ som ønskjer å etablere nye turløyper eller merke eksisterande turløyper i tilknyting til kulturminne, kulturmiljø og/eller kulturlandskap – natur-/kulturløyper |                                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra med midlar til skilt</li> <li>• Prioritere ved søknader om tippemidlar</li> </ul>                       | Kr. 50.000                             |
| Utvikle skiltmal  |   |                                      | Eige prosjekt  | Kr. 20.000                             |
| Utvikle kart/informasjon om ferdsselsårer og andre kulturminne i heile kommunen   | Utvikle kart/informasjon om ferdsselsårer og andre kulturminne i heile kommunen   |                                      | Eige prosjekt (eige eller i samarbeid med lag og organisasjonar)   | Kr. 20.000                             |
| Innarbeide lokale kulturarvopplevelingar i den kulturelle skulesekken/ spaserstokken  |   |                                      | Følgje opp i verksemdplan/etablere rutine  |  |
| Distribuere kommunedelplan for kulturarv  |   |                                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trykke opp og fordele</li> <li>• Orientere på skulane slik at dei kan nytte planen i undervisninga</li> </ul> | Kr. 30.000                             |
|   | Etablere database med historisk og kulturell informasjon og fakta om Selje  |                                      | Eige prosjekt, i samarbeid med biblioteket og ev. andre  | Kr. 50.000                             |

| Tiltak 2020   | Tiltak 2021-2023  | Tiltak etter 2023 (ikke prioritert)   | Kommentar   | Ressursbehov<br>(utover ordinær drift) |
|---|---|---|---|--|
| Ta initiativ til at tidlegare stadnamnregistreringar i Selje vert digitaliserte hjå fylkesarkivet | Ta initiativ til at tidlegare stadnamnregistreringar i Selje vert digitaliserte hjå fylkesarkivet   |   | Administrativ ressurs/følg opp i verksemndplan                              | Kr. 50.000                             |
|   |   | Ny-registrering av stadnamn i område som tidlegare ikkje ha vore omfatta av registreringa | Eige prosjekt. Ny-registreringar kan gjerast av studentar                   | Ca. kr. 50.000                         |
|   | Ta initiativ til at lokale registreringar av kulturminne i Selje vert digitaliserte hjå relevante offentlege aktørar                                  |   | Administrativ ressurs/følgje opp i verksemndplan                            |  |
| Bidra til fleire dyr i marka som skjøtselstiltak i utvalde kulturlandskapsområde                  | Bidra til fleire dyr i marka som skjøtselstiltak i utvalde kulturlandskapsområde  |   | Nytte SMIL-midlar til gjerdetiltak  | Kr. 50.000                             |
| Opprette kulturarvteam med kompetanse til å vurdere kulturminneverdien og rådgje publikum         |   |   | Må følgjast opp, eige mandat må opprettast                                  |  |
| Dele informasjon om korleis ein kan ta vare på kulturminne via heimeside og facebooksider         | Dele informasjon om korleis ein kan ta vare på kulturminne via heimeside og facebooksider.  |   | Administrativ ressurs/følgje opp i verksemndplan                            |  |
|   | Dele informasjon om rettar, plikter og moglegheiter for dei som eig kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap – eventuelt utarbeide lokal rettleiar. |   | Følgje opp i verksemndplan/etablere rutine                                  |  |
| Årlig markering av den internasjonale kulturminnedagen  | Årlig markering av den internasjonale kulturminnedagen  |   | Følgje opp i verksemndplan/etablere rutine<br>Samarbeide med lokale aktørar |  |
| Årlig markering av kystsogevekene   | Årlig markering av kystsogevekene   |   | Samarbeide med lokale/kystsogevekene  |  |
|   |   | Etablere årleg kulturminnepris  | Eige prosjekt   | Kr. 20.000 årleg                       |

**Mål 2. Selje kommune skal bidra til å utvikle og gjennomføre formidlings- og/eller vernetiltak for den utvalde kulturarven, jf. oversikt i kapittel 4.**

|  |  |  |   |                    |
|--|--|--|---|--------------------|
| Bidra til å utvikle kulturreisa i kommunen – frå Viking til Pilegrim     | Bidra til å utvikle kulturreisa i kommunen – frå Viking til Pilegrim           |  | Jf. Reiselivsplan for nye Stad kommune<br>Administrativ ressurs | Ev. prosjektmidlar |
| Arbeide for og legge til rette for regionalt kystpilegrimssenter i Selje | Legge til rette for mogleg etablering av regionalt kystpilegrimssenter i Selje |  | Administrativ ressurs   |                    |

| Tiltak 2020   | Tiltak 2021-2023  | Tiltak etter 2023 (ikke prioritert)                              | Kommentar  | Ressursbehov<br>(utover ordinær drift) |
|---|---|--|--|--|
|   | Etablere eit samla prosjekt for kloster, pilegrim og kunstnarcenter med felles lokalisering   |  | Administrativ ressurs  | Ev. prosjektmidlar                     |
| Sikre at kulturminne/kulturmiljø som ikkje er verna blir vurderte og får nødvendig vernestatus gjennom plan. Der kulturminnet/kulturmiljøet er trua før planprosessen er kome i gang, skal det gjerast ei vurdering om bygge- og deleforbod etter plan- og bygningslova | Sikre at kulturminne/kulturmiljø som ikkje er verna blir vurderte og får nødvendig vernestatus gjennom plan. Der kulturminnet/kulturmiljøet er trua før planprosessen er kome i gang, skal det gjerast ei vurdering om bygge- og deleforbod etter plan- og bygningslova |  | Følgje opp i verksemndplan/etablere rutine                       |  |
|   | Skilte utvalde kulturminne kulturmiljø og kulturlandskap, jf. oversikt i kapittel 4   |  | Eigne prosjekt   |  |
| Nytte kulturarvplanen i opplæringa i grunnskulen i Selje  | Nytte kulturarvplanen i opplæringa i grunnskulen i Selje  |  | Følgje opp i verksemndplan/etablere rutine                       |  |
| I samarbeid med lokalmiljø/turlag legge til rette for turar til kulturminna   | I samarbeid med lokalmiljø/turlag legge til rette for turar til kulturminna   |  | Følgje opp i verksemndplan/etablere rutine                       |  |
| Formidlingstiltak knytt til utvalde kulturminne , kulturmiljø og kulturlandskap, jf. kap. 4.  | Formidlingstiltak knytt til utvalde kulturminne , kulturmiljø og kulturlandskap, jf. kap. 4.  |  | Eigne prosjekt   |  |
|   | Etablere nye turløyper i tilknyting til kulturminne – natur-/kulturløyper   |  | Eigne prosjekt   |  |
| Registrere utvalde kulturminne i Riksantikvaren si Askeladden-løysing.  | Utarbeide eit kulturarvkart   |  | Følgje opp i verksemndplan                                       |  |
|   | Etablere informasjon om kulturarven på heimesida/ev. ny side om kva som skjer i Selje   |  | Følgje opp i verksemndplan/etablere rutine                       | Ca. kr. 20.000 kvart år                |
|   |   | Utføre registreringar av utvalde kulturminnetyper og kulturmiljø | Eigne prosjekt   |  |
|   | Registrere og skilte gamle skyssvegar.  |  | Eige prosjekt. Samarbeide med lokale aktørar                     | Kr. 100.000                            |
| Etablere kurs i søknadsskriving   | Etablere kurs i søknadsskriving.  |  | Følg opp i verksemndplan/etablere rutine.                        | Kr.10.000 årleg                        |
| Sikre vidare prioritering av søknader om midlar for å ta vare på bygningar og landskap, ved revisjon av retningslinjer for SMIL-midlane.  | Sikre vidare prioritering av søknader om midlar for å ta vare på bygningar og landskap, ved revisjon av retningslinjer for SMIL-midlane.  |  | Takast inn i retningslinjene for SMIL-midlane ved neste revisjon |  |

| Tiltak 2020   | Tiltak 2021-2023   | Tiltak etter 2023 (ikke prioritert)  | Kommentar   | Ressursbehov<br>(utover ordinær drift) |
|---|--|--|---|--|
| <b>Mål 3. Selje kommune skal gjennom kommuneplan og reguleringsplan etter plan- og bygningslova verne kulturminne som vert vurderte til å ha ein lokalt viktig verdi.</b> |  |  |   |  |
| Kulturarven skal vurderast i alle kommunale planar  | Kulturarven skal vurderast i alle kommunale planar   |  | Følgjast opp administrativt   |  |
|   |  | Oppdatere SEFRAK-registeret med nye registreringar og vurderingar  | Eige prosjekt   |  |
|   | Etablere rutine for vurdering av verneverdi etter Riksantikvaren si handbok, ved søknad om endring av kjende kulturminne                                     |  | Følgje opp i verksemddplan/etablere rutine                              |  |
|   | Utarbeide aktsemdkart over faste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som kjelde til informasjon og som eit verktøy i arealplanlegging og -forvaltning |  | Følgje opp i verksemddplan/etablere rutine for kontinuerleg oppdatering |  |
|   |  | Vurdere behov for oppdatering av kommuneplan og reguleringsplanar med utgangspunkt i kjende kulturminneverdiar – og oppdatere desse planane med nye omsynsoner ved behov | Følgje opp i verksemddplan  |  |

